

From: Jan Arthur Sørensen
Sent: mandag 20. mai 2019 12.15
To: 'Jan Myrekrok'
Subject: SV: Bora og Bordalsvatn

Hei,

Visar til e-post under om avklåring av NVE sin oppfatning av Vinje kommune sitt krav om minstevasstand i Bordalsvatn.

NVE les kravet slik det går fram av *Justerete revisjonskrav frå kommunane godkjent av kommunestyra november 2017*:

«Mjukt fyllingskrav til kote 886, som er 5 meter under HRV, i perioden 1. juli–15. september. Må sjåast saman med krav om minstevassføring i Bora gjennom Gjøsløysdalen som er eit høgare prioritert krav».

NVE oppfattar at kommunen har stilt krav om både magasinvasstand i Bordalsvatn og slepp av minstevassføring i Bora. Vidare oppfattar vi at minstevassføring skal ha høgast prioritet dersom det vert naudsynt å prioritere.

I manøvreringsreglementet vil det være muleg å kombinere pålegg om magasinvasstand og slepp av minstevassføring, men at det vert presisert kva som skal prioriterast i gitte situasjonar, til dømes dersom tilsliget er mindre enn pålagt minstevassføring.

Beste helsing

Jan Sørensen
Sjefingeniør
Konsesjonsavdelingen
Seksjon for Vassdragskonsesjon

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 09575 eller direkte: 22959211
E-post: nve@nve.no eller direkte: jaso@nve.no
Web: www.nve.no

Fra: Jan Myrekrok [mailto:jan.myrekrok@vinje.kommune.no]

Sendt: mandag 20. mai 2019 11:04

Til: Jan Arthur Sørensen <jaso@nve.no>

Emne: Bora og Bordalsvatn

Hei, viser til telefonsamtale.

Problemstillinga har eg saksa frå eposten til Høgre-representanten:

«Visar til kommunestyremøte torsdag 16.mai 2019 kor det blei bestemt at FO193 Interpellasjon frå Arne Skogheim -Vilkårrevisjon Bora og Bordalsvatn i Tokke-Vinje vassdraget. Skulle overførast til administrasjonen for utarbeiding av sak for formannskap – kommunestyre.


Slik eg forsto av den korte samtala etter møte så skulle Rådmann ta kontakt med sakshandsamar i NVE pr tlf. Det som er viktig i den samanheng er då å få avklart med sakshandsamar i NVE: **Har NVE oppfatta at Vinje kommune ikkje har framsett noko klart krav om minstevannstand i Bordalsvatn og begrunnar det med vedtaket i kommunestyret i 2013.»**

Fint om du gjev ei skriftleg tilbakemelding slik vi snakka om på telefon.

Beste helsing,

Jan Myrekrok

Rådmann



Tlf: 35 06 23 02

Mobil: 99 63 76 76

www.vinje.kommune.no

Facebook: facebook.com/vinjekommune

Twitter: twitter.com/vinjekommune